



## Distribusjonsliste

Vår referanse:  
09/78/10/791/SMA/GU

Arkivkode:  
FA-U01

Dykkar referanse:

Dato:  
16.03.2010

### **VERNA VASSDRAG - EI KJELDE TIL REIN ENERGI**

For at Noreg skal nå felles internasjonale målsetjingar på klimaområdet, lyt me fokusera på auka bruk av fornybare energikjelder. I ein slik situasjon må ”alle steinar snuast”. Betre utnytting av kraftpotensialet i verna vassdrag er ein slik moglegheit. Kompetansesenteret for småkraft vil at sentrale myndigheiter gjennomgår grunnlaget for vernet sett i lys av dagens teknologi som gir meir skånsame måtar å etablera kraftproduksjon på.

Noreg har i dag 388 vassdrag som er varig verna gjennom verneplanane. Vernet skal i utgangspunktet sikra vassdraga med ”sin dynamikk og variasjon frå fjell til fjord”. Vernet gjeld fyrst og fremst mot kraftutbygging, medan andre inngrep vert handsama på ein meir liberal måte.

Ny teknologi, kunnskap og kompetanse gjer at ein no kan realisera småskala kraftproduksjon med langt mindre inngrep enn tidlegare. Situasjonen er derfor no ein heilt annan enn då vern vart etablert. Det er viktig at gjennomgang av verna vassdrag vert koordinert frå sentralt hald då ein får ein omforent politikk på området der ein får ei avveging mellom natur- og miljøomsyn på eine sida, og verdiskapings- og klimaomsyn på andre sida.

Vasskrafta er ei kjelde til lokal verdiskaping og lokal busetnad. Ei berekraftig utvikling, kombinert med eit nytt natursyn basert på nytenking og kreativitet, skal etter vår meinig vera utgangspunktet for at ein også i framtida kan bu på bygdene, produsera lokal kraft og samstundes nå viktige internasjonale klimaforplikingar.

Kompetansesenter for småkraft ynskjer å ta aktiv del i det framtidige arbeidet med ny vurdering av verna vassdrag; gje oss gjerne konkrete oppgåver. Me ser fram til ein dialog med relevante sentrale myndigheiter om dette.

Med helsing

Marit Aksnes Aase  
Styreleiar

Gunnhild Utkvitne  
prosjektleiar

**Distribusjonsliste:**

- Olje – og energidepartementet ved Minister Terje Riis-Johansen
- Miljøverndepartementet ved Minister Erik Solheim
- Landbruk og matdepartementet ved Minister Lars Peder Brekk
- Stortingets energi- og miljøkomite ved leiar Erling Sande og Line Henriette Hjemdal
- NVE ved direktør Agnar Aas
- Direktoratet for naturforvaltning ved direktør Janne Sollie
- Fylkesmannen i Hordaland
- Hordaland Fylkeskommune

**Kopi sendt:**

- NRK Hordaland
- Bergens Tidende
- Bergens Arbeidarblad
- Samningen
- Hordaland
- Os og Fusa posten
- Hardanger Folkeblad
- Sunnhordland